

## Saksprotokoll i fylkestinget - 15.12.2020

### Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

1. Vestland fylkeskommune går inn som avtalepart i å utarbeide avtaleforslag mellom Kystverket og Bremanger kommune for tiltak i fiskerihamna i Kalvåg. Ansvar for Vestland fylkeskommune tek på seg er tilsvarande som Kystverket hadde med unntak av navigasjonsinstallasjonar, som framleis er Kystverket sitt ansvar.
2. Vestland fylkeskommune har som intensjon å gjennomføre prosjektet i tidsrommet 2025 til 2027 og vil innarbeide naudsynte investeringsmidlar i økonomiplanen frå hausten 2021.
3. Fylkeskommunen stiller seg positiv til å stille garanti dersom det finnes lokale initiativ for ei tidlegare realisering. Difor vil Vestland fylkeskommune opne for at Bremanger kommune eller andre forskotterar utbygging av Kalvåg fiskerihamn, med utbetaling av byggjekostnad inntil kr. 72 mill eks. mva. i perioden 2025 - 2027.